



Bergingsaksjonen i gang ved Øyro Marina torsdag – scootaren på veg til lands att. (Foto: Sigmund Skjoldal)

**Det vart mobilisert froskemann og traktor på få minuttar for å få opp att ein elektrisk spesialscooter som rasa utfor ytterste punktet på moloen til Øyro Marina i Uskedalen på morgonkvisten torsdag.**

Heldigvis sat ikkje eigaren på scooteren og når ein unntar totalskaden på farkosten fekk hendinga altså ein lukkeleg slutt.

- Eg er imponert og svært takksam over den raske reaksjonen då scooteren hadde plaska uti og sokke til tre meters djup.

Dette var verkeleg uskedelingane på sitt beste, seier eigaren til uskedalen.no.

- Det dukka altså opp ein froskemann, ein mann med traktor og fleire andre med hjelpande hender og det tok ikkje mange minuttar før scootaren var oppe att. At han var eit sørgjeleg syn er ein annan sak. Det spelar forresten inga rolle, for Hjelpemiddelsentralen lovar meg ein ny scootar like over helga, seier mannen.

Han skulle gjera noko reparasjonsarbeid på moloen og kom borti startaren på sykkelkelen ved eit uhell.

Av Ola Matti Mathisen